

23.06.2010

Brazzooka stadig meir populære

Bandet Brazzooka, som består av 9 ungdommar frå vårt område og som starta før jul, blir stadig meir populært. Dei opplever stor interesse og mange spørsmål om når dei skal opptre.

Tre uskedelingar er med i bandet - det er Bjørn Naterstad, Sindre Aksnes og Vegard Døssland.

4 er frå Rosendal og ein av dei er Sebastian Torjusen, som leiar bandet. 2 er frå Stord og aldersspennet er frå 12 til 20 år. Dei er ei jente og 8 guitar!

Torsdag i denne veka skal dei spela under eit stort arrangement på Heiane på Stord.

Førre helga hadde dei øvingsseminar i Rosendal og prøvde dei ut nytt lydutstyr som er innkjøpt. Hettegensarar og piquetskjerter med bandnamn og sponsor har dei også fått seg og heimesida deira er oppe og går!

Eit av oppdraga dei har hatt var å spela i den borgarlege konfirmasjonen i Odda. Både publikum og arrangørar var svært begeistra og Brazzooka er allereie spurt om å kome tilbake neste år.

Bandet opplyser på heimesida at dei spelar jazz, funk og HipHop-inspirert musikk og at sjangaren dei satsar på heter Riot Jazz.

Av Ola Matti Mathisen